



Arkivsak

26/04806-5

Sakshandsamar

Marita Bruun

Saksgang

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

20.05.2026

22.05.2026

26.05.2026

27.05.2026

10.06.2026

18.06.2026

Ungt entreprenørskap Vestfold og Telemark - oppfølging av verbalvedtak 9 i sak 113/25 fylkestinget 10.12.2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

- 1) Telemark fylkeskommune vidarefører samarbeidsavtale med Ungt Entreprenørskap Vestfold og Telemark i 2027 med årleg støtte på 1 mill. kroner.
- 2) Fylkesdirektøren bes om å innarbeide punkt 1 i Handlings og økonomiplanen for 2027-2030.
- 3) Telemark fylkeskommune har intensjon om å vidareføre samarbeidsavtale og økonomisk støtte på dette nivået dei næraste 5 åra, utan kompensasjon for prisvekst.

Bakgrunn og saksgang

Det er for 2026 inngått ein samarbeidsavtale mellom Telemark fylkeskommune og Ungt Entreprenørskap Vestfold og Telemark (UEVT) med driftsstøtte på kr 1 432 000,- . Det er ikkje gjeve opsjon på forlenging av avtalen. Det er derfor ikkje teke stilling til eller avsett midlar til vidare samarbeid med UEVT frå 2027. I sak 113/25 i fylkestinget 10.12.2026 vart det fatta følgjande verbalvedtak: *9. Fylkestinget ber fylkesdirektøren leggja fram ei sak om Ungt entreprenørskap (UE) som vurderer UE si betydning, fordelar og ulemper, sett i samanheng med eksisterande skulesatsing der hovudmålet er auka gjennomføring i vidaregåande skule.*

Saka blir lagd fram for uttale i Telemark Ungdomsråd, Yrkesopplæringsnemnda, Hovudutval for Næring, industri og klima og Hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Samarbeidet mellom Telemark fylkeskommune og UEVT har dei seinare åra vore forankra i strategien «Unge verdiskaparar – strategi for entreprenørskap i VGO og fagskulen i VTK» 2021-2025. Då strategien gjekk ut 31.12.2025, vart det inngått ein eittårig avtale med UEVT om samarbeid og økonomisk støtte i 2026. I skuleåret 2025/2026 er det registrert 70 ungdomsbedrifter ved skulane i Telemark, noko som famnar ca. 430 elevar. 3 skuler har gjennomført innovasjonscamp med deltaking av 400 elevar og om lag 450 elevar har vore med på ØkonoMiN.

Telemark fylkeskommune må avklara vidare samarbeid og eventuell driftsstøtte til UEVT etter 2026 for å gi organisasjonen høve til å tilpassa seg i forhold til økonomiske rammer i 2027. Driftsstøtta frå Telemark fylkeskommune er eit viktig økonomisk bidrag til UEVT, og dersom denne støtta fell bort, må UEVT vurdera, og mest sannsynleg redusera, ressursane sine som jobbar inn mot vidaregåande skule. Dersom avgjerda endar på å vidareføre samarbeid og støtte, vil UEVT ha behov for føreseielege økonomiske rammer over ein lengre tidsperiode, og ikkje berre frå år til år.

Punkta i verbalvedtaket er diskuterte i rektormøte 9. april 2026, og fylkesdirektøren har innhenta skriftlege kommentarar på problemstillingane som er knytte til bruk av Ungt Entreprenørskap i skulen sett i samanheng med aktivitet i vidaregåande skule der hovudmålet er auka gjennomføring. Kort oppsummera seier rektorane ved dei vidaregåande skulane dette:

Betydning av å bruka UEVT og ungdomsbedrift i den vidaregåande skulen:

Fleire trekkjer fram at entreprenørskap i skulen er ei god læreform og at UEVT tilbyr god undervisningsmetodikk. Skulane får tilgang på kompetanseheving innan entreprenørskap gjennom kurs og oppfølging. Fleire skular svarer også at metodikken varetek mykje av læreplanane. Metoden løftar fram betydninga av nyskaping og innovasjon.

Fordelar ved bruk av UEVT og ungdomsbedrift i den vidaregåande skulen:

Elevane opplever læring tett opp til ekte arbeidsliv, og gjennom dette meistring, samarbeid og det å sjå faga på tvers. Mange elevar opplever å lykkast. Metoden kan også gi djupnelæring. Ein av skulane svarer at gjennom å skapa meistringstru hos elevane, kan dette styrkja gjennomføring av skulen for elevar som treng meir praktiske og kvardagsnære tilnærmingar. Det at metoden er praksisnær, kan fanga elevinteresse på andre måtar enn ordinære undervisningssituasjonar. Metoden opnar også opp for auka kontakt med arbeidslivet.

Ulemper ved bruk av UEVT og ungdomsbedrift i den vidaregåande skulen:

Fleire skular trekkjer fram at organisering i forhold til undervisningstid er ei utfordring. Fleire skular som ikkje har programfaget entreprenørskap, er nokon bekymra for at bruk av entreprenørskap i skulen skaper meirarbeid for elevane og knappleik på timar i andre fag. Det blir opplevd utfordrande å bruka metodikken på ein slik måte at den erstattar andre meir tradisjonelle undervisningsmetodar og det blir stundom opplevd vanskeleg å visa til måloppnåing. Nokon opplever metoden og årshjulet til UEVT som lite utvikla, noko rigid og ønskjer heller å «shoppa» tilbod etter som kva skulen legg vekt på. UEVT har stort fokus på ungdomsbedrifter og konkurransar som ikkje alle elevar blir «trigga» av. Ein skule svarer at

enkelte lærarar nyttar metodikken, men at det ikkje er sett i system og forankra i skulen. Nokre skular opplever at dei bruker mykje ressursar på organisering av enkelte arrangement, men at opplegget ikkje motiverte elevane nok. Det blir også gitt tilbakemelding frå nokre om at andre metodar opplevast å gje større utbytte og læring i forhold til ressursbruk. Nokre skular svarer at dei ikkje ser nokon problem ved å bruka UEVT og ungdomsbedrift i skulen og at dei er nøgde.

Ungt entreprenørskap Norge sitt formål er, i samspel med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar, å:

- Utvikle kreativiteten, skapargleda og trua til barna og unge på seg sjølv
- Gi barn og unge forståing for betydninga av verdiskaping og nyskaping i arbeidslivet
- Auke samarbeidsevna til barn og unge og ansvarsmedvit
- Gi forståing for og kunnskap om etikk og reglar i nærings- og arbeidslivet
- Styrke samhandlinga i lokalsamfunnet mellom nærings- og arbeidslivet og utdanningsinstitusjonane
- Stimulera til samarbeid over landegrensene
- Inspirera til framtidig verdiskaping i ein sosial, kulturell og økonomisk samanheng

I forskning.no 19.08.2023 «Må ungdomsskulen vera så kjedeleg» ser

Velferdsforskningsinstituttet Nova, OsloMet, på situasjonen i ungdomsskulen der mange elevar kjedar seg, fleire skulkar, opplever stress og at klassekameratar har vorte klassekonkurrentar. Den norske skulen har innført folkehelse og livsmeistring som eit tverrfagleg tema i skulen. Dette inneber at ungdom skal læra å meistra livet m.a. gjennom opplæring i psykisk helse. Ein forskar ved Universitetet i Oslo meiner at meistring av livet heller bør skje gjennom praktiske aktivitetar som primært ikkje handlar om ein sjølv, heller enn at ungdom skal læra å meistra livet gjennom opplæring i psykisk helse. Han seier vidare at det å konstant spørja unge korleis dei «kjenner seg» har avgrensa effekt. Dei lærer heller gjennom å gjera ting saman med andre, anten intellektuelt, kunstnarisk eller gjennom fysiske aktivitetar.

I ulike forskingsartiklar og rapportar, mellom anna «Fagligt Entreprenørskap i erhvervsuddannelserne - Ein kvalitativ analyse af korleis undervisning gjennom entreprenørskap kan påverka elevars læring, motivation og lyst til at deltage i uddannelse» av Nationalt Center for Erhvervspædagogik, Professionshøjskolen Metropol og Efter – og videreuddannelse, VIA University Collegeforskning, 2017 og «Langtidseffektar av deltaking i Ungdomsbedrift» ØF-notat 08/2018 av Austlandsforskning, er det vist til fleire interessante effektar ved å bruka entreprenørskap i skulane. Analysane viser at elevar som tidlegare har drive med ungdomsbedrift, i større grad enn andre etablerer bedrifter, deltek i sosialt entreprenørskap og ser entreprenørielle moglegheiter, samtidig som dei utviklar generiske ferdigheiter som kreativitet, samarbeid, gjennomføringsevne, problemløysing, initiativ, ansvar og sjølvtilitt.

I samsvar med 21st Century Skills er fire evner spesielt viktig i høgare utdanning og i framtidens arbeidsliv:

- Samarbeid
- Kreativitet

- Kommunikasjon
- Kritisk tenking

Alt dette er evner som blir utvikla og styrkt gjennom entreprenørskapsaktivitetar i skulen. UEVT kan også visa til konkrete døme der blant anna ein elev står fram med historia si knytt til sosial angst som ho vart kvitt gjennom samarbeidet i ein ungdomsbedrift.

Ungt Entreprenørskap har fylkesvise avdelingar med støtte frå fylkeskommunane i alle fylka i landet. Fleire av Telemark sine nabofylke gjev i 2026 støtte på over 2 mill. kroner til Ungt Entreprenørskap i eigne fylke.

Administrasjonen ser tre moglege løysingar for spørsmålet om samarbeid med UEVT etter 2026:

- 1) Vidareføre samarbeidsavtala og årleg driftstilskot på nivå som for 2026 i åra som kjem.
- 2) Vidareføre samarbeidsavtale og årleg driftstilskot, men med eit lågare nivå på driftstilskotet i åra som kjem
- 3) Avslutte samarbeidet med UEVT etter 2026

Dei tre alternativa blir omtalte i avsnitta under:

1) Vidareføre samarbeidsavtala og årleg driftstilskot på nivå som for 2026 i åra som kjem

Dette inneber ein stø kurs og stabil drift for organisasjonen UEVT og for tilbodet som UEVT tilbyr til dei vidaregåande skulane i fylket. Avtalen inneber årlege kostnader for fylkeskommunen med kr 1 432 000,-. Dette ligger ikkje inne i vedtatt handling og økonomiplan frå 2027.

2) Vidareføre samarbeidsavtale og årleg driftstilskot, men med eit lågare nivå på driftstilskotet i åra som kjem

Samarbeidet med UEVT blir vidareført med eit lågare nivå for driftstilskot. Fylkeskommunen sparar noko på dette samanlikna med å føra vidare tilskotsnivået for 2026. Det er gjennom eit lågare støttenivå behov for å prioritera innsatsen knytt til kva tilbod UEVT skal leggja vekt på, og kva skular dei skal å følgja opp i Telemark då tilgangen på ressursar vil bli meir avgrensa. Eit lågare driftstilskot vil gje UEVT strammare økonomi, noko som betyr at organisasjonen må vurdere ressursane sine og eventuelt redusere noko på stillingsdelar. Eit mogleg støttenivå kan vere på 1 mill. kroner. Dette ligger heller ikkje inne i vedtatt handling og økonomiplan frå 2027.

3) Avslutte samarbeidet med UEVT etter 2026

Tilbodet som UEVT gir til skulane i dag fell da bort. Fylkeskommunen reduserer kostnadene sine ved å kutte utgifter til årlege driftstilskot. Dette inneber for skulane at dei ikkje har høve til å etablere ungdomsbedrifter som blir registrerte i Brønnøysundregisteret samt tilgang på særavtalar med Skatteetaten. Elevar kan heller ikkje vera med i konkurransar eigde av Ungt Entreprenørskap, og lærarane får ikkje lenger tilgang til kurs og hjelpemiddel i regi av UEVT, dette gjelde blant anna tilgang på lærarportalen, kurset økonoMIN og innovasjonscamp. Telemark blir med dette det einaste fylket i landet som då ikkje har samarbeidsavtale og gir

økonomisk støtte til Ungt Entreprenørskap. Dette er i tråd med vedtatt handlings- og økonomiplan.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Denne saka påverkar økonomien i fylkeskommunen direkte ved at saka gjeld nivå på utbetaling av årlege driftstilskot eller at fylkeskommunen avsluttar den økonomiske forpliktinga og dermed sparer desse midlane. Dersom fylkeskommunen vel å avslutta samarbeidet med UEVT, blir også ressursbruken i administrasjonen redusert ved at tid til forvaltning av driftstilskot og samarbeidsmøte mellom fylkeskommunen og UEVT fell bort. Saka har ingen juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Ved å halda fram samarbeidet med Ungt Entreprenørskap Vestfold og Telemark, ventast det at følgjande berekraftsmål blir positivt påverka av aktivitetar knytte til entreprenørskap i skulane:

- 3. God helse og livskvalitet. Arbeid er viktig for helse og livskvalitet for kvar enkelt, og fleire arbeidsplassar dempar offentlege utgifter og sikrar skatteinntekter.
- 4. God utdanning. Det å satsa på entreprenørskap i skulen kan påverka skulemotivasjonen for kvar enkelt elev. Både utgreingar og erfaringar kan peika på slike effektar.
- 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.
- 9. Industri, innovasjon og infrastruktur. Entreprenørskap kan auke viktig innovasjon innan eit spreidd spekter av fagområde. Det er forskingsbaserte resultat som viser at det å satsa på entreprenørskap gir 50% større moglegheit for etablering av eiga bedrift seinare i livet.

Fylkesdirektørens vurdering

Svara frå rektorane er prega av at leiarane i skulane særleg er opptekne av fagleg utbytte og læring i samsvar med måla i læreplanen når dei vert spurt om samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Det synest som at vurdering av langtidseffektar som meir motivasjon og påverknad på gjennomføring av vidaregåande utdanning ved bruk av Ungt Entreprenørskap blir tona noko ned i kampen om å nå læremåla i kvart enkelt fag. Det kjem også fram i dialog med rektorane at arbeidet med entreprenørskap ofte har svak forankring i leiinga ved skulen og at entreprenørskapslærarane opptrer som eldsjeler.

Forsking og praktiske erfaringar viser at entreprenørskap i skulen kan påverka motivasjonen til elevane og auka grada av gjennomføring av vidaregåande skule. Bruk av UEVT i skulen fremjar også arbeidslivsrelevansen og gir moglegheit for eit tettare samarbeid med arbeidslivet. Telemark har lang tradisjon med bruk av Ungt Entreprenørskap i skulen, og mange skular og lærarar/rektorar er godt inne i dette arbeidet og har mindre behov for assistanse frå UEVT enn nye entreprenørskapslærarar.

Fylkesdirektøren har skissert 3 moglege vegar vidare i samarbeidd mellom Telemark fylkeskommune og UEVT:

- 1) Vidareføre samarbeidsavtale og årleg driftstilskot på nivå som for 2026 i åra som kjem.
- 2) Vidareføre samarbeidsavtale og årleg driftstilskot, men med eit lågare nivå på driftstilskotet i åra som kjem
- 3) Avslutte samarbeidet med UEVT etter 2026

Dersom Telemark fylkeskommune skulle velje å avslutta samarbeid og økonomisk støtte til Ungt entreprenørskap Vestfold og Telemark, vil me vera det einaste fylket i landet som ikkje har eit slikt samarbeid med eit fylkeslag av Ungt Entreprenørskap.

For Ungt entreprenørskap Vestfold og Telemark, er det avgjerande å få tydelege signal om eventuell vidare finansiering no før sommaren, slik at organisasjonen kan planleggja for neste år. Eit bortfall av økonomisk støtte frå Telemark fylkeskommune vil gje konsekvensar for drift og bemanning i UEVT frå 2027.

Fylkesdirektøren erkjenner at konsekvensane av at skulane ved stans av samarbeidet ikkje har høve til å etablera ungdomsbedrifter som blir registrerte i Brønnøysundregisteret og heller ikkje har tilgang til andre entreprenørskapsaktivitetar og konkurransar eigd av Ungt Entreprenørskap, ikkje vart belyste i vedteken handlings- og økonomiplan. Fylkesdirektøren ser at stans i dette, vil vera uheldig og ser løysinga med ei redusert tildeling som best.

Samstundes er dette ikkje i tråd med vedteken handlings- og økonomiplan og ei slik støtte må eventuelt innarbeidast i kommande handlings- og økonomiplan som alléieia er økonomisk krevjande for sektoren. Fylkesdirektøren vurderer tross dette at ei støtte bør innarbeidast, og at inndekkinga må finnast innanfor sektorens ramme.

Fylkesdirektøren meiner at ei eventuell vidareføring av samarbeidsavtale mellom Telemark fylkeskommune og UEVT med årlege driftstilskot, bør strekkja seg over 5 år for å gi føreseielege rammer til å forankra og utvikla samarbeidet mellom UEVT og kvar enkelt vidaregåande skule betre.

Vedlegg:

Årsmelding 2025

Årsregnskap 2025